



**I ei tid når konkurs har ramma bygdas største verksemd er det positivt å registrera at andre har nok å gjera. Det gjeld til dømes entreprenør Røsseland som har det travelt både i Ospelunden og på Børnes.**

I Ospelunden (over) er den nye veggen parallellt med fylkesvegen opparbeidd og no er det tomtene for tomannsbustadane som står for tur..

På Børnes (under) er Røsseland igang med å opparbeida veggen og den andre infrastrukturen inn i området som ligg nedover frå fylkesvegen.

Eigentleg er det Byggeservice på Sandvoll som har fått denne entreprisen av kommunen. Men Røsseland hjelper dei litt i starten. Det har samanheng med at Ospelunden har kjøpt 2 mål på Børnes og skal nytta steinen derifrå

Foto: Ola Matti Mathisen

